



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Hovudutval for kultur

**Møtedato:** 23.09.2014

---

**Sak nr.:** 13/534-8  
**Internt l.nr.:** 29749/14

**Sak:** 47/14

**Tittel:** Landsskyttarstemne 2017 til Sogn og Fjordane - søknad om fylkeskommunal støtte

**Behandling:**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for kultur til å gjere slikt vedtak:**

Det vert løyvd 200 000 kroner til Førde skyttarlag til utbetringar og oppgradering av skyttaranlegg i Kråkenesmarka/Vasslia i Førde kommune i samband med Landsskyttarstemnet 2017.

**Endringsframlegg:**

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til eit punkt 2:

Kulturutvalet har ikkje nok tilskotsmidlar innafor eiga ramme til å gje totalt kr. 800.000 i tilskot til landsskyttarstemnet. Vi meiner likevel dette er eit svært viktig tiltak som i tillegg til regionen vår generelt, kjem både unge, vaksne og eldre brukarar til gode. Vi merkar oss også at det er gått ut eit brev underteikna av fylkesordførar og fylkesrådmann som gjev skyttarlaga grunn til å vente ein større sum til hjelp. Kulturutvalet oversender difor søknaden til fylkesutvalet for å vurdere restsummen.

**Avrøysting:**

Framlegg frå Krf til eit punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesdirektøren med vedteken endring vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Det vert løyvd 200 000 kroner til Førde skyttarlag til utbetringar og oppgradering av skyttaranlegg i Kråkenesmarka/Vasslia i Førde kommune i samband med Landsskyttarstemnet 2017.
2. Kulturutvalet har ikkje nok tilskotsmidlar innafor eiga ramme til å gje totalt kr. 800.000 i tilskot til landsskyttarstemnet. Vi meiner likevel dette er eit svært viktig tiltak som i tillegg til regionen vår generelt, kjem både unge, vaksne og eldre brukarar til gode. Vi merkar oss også at det er gått ut eit brev underteikna av fylkesordførar og fylkesrådmann som gjev

skyttarlaga grunn til å vente ein større sum til hjelp. Kulturutvalet oversender difor søknaden til fylkesutvalet for å vurdere restsummen.